

NYNORSK FORUM

Samarbeidsorgan for nynorske institusjonar, organisasjonar, bedrifter
c/o Nynorsk kultursentrum, 6160 HOVDEBYGDA
Telefon 70 04 75 75, telefaks 70 04 75 71
ottar.grepstad@aasentunet.no

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Hovdebygda, 27. februar 2009

HØYRINGSFRÅSEGN OM ENDRINGAR I UNIVERSITETS- OG HØGSKULELOVA

Nynorsk Forum legg her fram synspunkt på lovendringane på vegner av 22 riksdekkjande institusjonar, organisasjonar og bedrifter som alle arbeider med nynorsk skriftkultur.

Nynorsk Forum har ved mange høve dei siste åra drøfta språksituasjonen på universitet og høgskular, og desse diskusjonane er grunnlaget for merknadene våre. Det er positivt at departementet gjer framlegg om å endre lova for å gjere det tydeleg kva ansvar universitet og høgskular har for norsk (bokmål og nynorsk). Vi synest likevel ikkje at departementet går så langt som saka tilseier at ein bør gjere.

Prinsippet nynorsk

Vi minner om at det regjeringa skriv i *St.meld. nr. 35 (2007–2008) Mål og mening*, som blei lagd fram i juni 2008. I meldinga etablerer regjeringa fleire overordna prinsipp for ein samla språkpolitisk strategi. Stortinget drøftar meldinga ultimo april 2009. Kva Stortinget konkluderer med, kan vi ikkje føregripe, men det er rimeleg å gå ut frå at dei enkelte fagstadsrådane i sine stortingsdokument og andre reformtiltak følgjer opp det regjeringa sjølv meiner er overordna prinsipp. I denne samanhengen er *prinsippet nynorsk* særleg viktig. Det er formulert fleire stader i meldinga, og kortversjonen er slik:

Regjeringa legg opp til at omsynet til nynorsk alltid skal vurderast eksplisitt når spørsmålet som vedkjem norsk språk, blir tematisert.

I framlegget til endringar i universitets- og høgskulelova er det ingen spor etter dette prinsippet. Det skuffar oss, og det overraskar oss at regjeringa på så kort tid kjem i vanskar med å følge sine eigne prinsipp. Ein enkel og fagleg presis måte å løyse dette på no, er å bruke formuleringa **norsk (bokmål og nynorsk)**, som Språkrådet etablerte i den omfattande utgreiinga *Norsk i hundre!* (2005), eitt av grunnlagsdokumenta for den nemnda stortingsmeldinga.

§ 1-5

I tråd med merknaden overfor, og i lys av regjeringa sine overordna prinsipp, meiner vi at framlegget til endring bør få eit tillegg, som er understreka nedanfor:

Universiteter og høyskoler har ansvar for vedlikehold og vidareutvikling av norsk (bokmål og nynorsk) fagspråk.

Vi er på det reine med at framlegget frå departementet i § 1-5 kan tolkast vidt, og at det kan innebere eit omfattande ansvar for universiteta og høgskulane. Slik sett er det ei positiv endring. Likevel meiner vi sjølvе undervisningsspråket bør nemnast særskilt. Det er her dei etablerte fagmiljøa møter dei som er på veg inn i faga, og undervisninga har ein verknad langt utanfor auditoria og seminarromma der og då. Det inneber at her møtest fagspråk og

allmennspråk. Undervisningsspråket er den kritiske faktoren i utviklinga av fagterminologi på norsk (bokmål og nynorsk). Difor bør setninga i 1-5 få dette tillegget:

Undervisningsspråket skal til vanlig være norsk.

All den tid norsk er presisert i setninga framanfor, trengst ikkje den presiseringa i dette tillegget.

Vi merkar oss at departementet i odelstingsproposisjonen vil gå nøyne inn på kva språkansvaret inneber. Her reknar vi med at det mellom anna blir utdjupa kor viktig det er at undervisningsspråket på grunnivå til vanleg er norsk (bokmål og nynorsk), at alle avhandlingar på engelsk skal ha eit samandrag på norsk (bokmål eller nynorsk), og korleis lov om målbruk i offentleg teneste skal handhevast i samband med eksamen.

Inntektssystemet for universitet og høgskular

Den logisk konsekvens av framleggelsen til § 1-5 frå departementet er at inntektssystemet for universitet og høgskular må endrast. Utvikling av lærermiddel for ulike nivå i høgare utdanning er særsviktige bidrag til utvikling av norsk fagspråk. Då må slik publisering reknast med i inntektssystemet. Generelt må norskspråkleg publisering i det minste jamstillast med publisering på andre språk. Saman med Kultur- og kyrkjedepartementet bør Kunnskapsdepartementet vurdere om det er nokre fagspråkområde som er særleg utsette, og som difor treng ekstra tiltak. Vi viser her til *St.meld. nr. 35 (2008–2008)*. I allfall på slike område må norskspråkleg publisering telje meir enn publisering på andre språk.

Vi er sikre på at slike tiltak ikkje blir nokon bremskloss i den vidare utviklinga av universiteta og høgskulane som internasjonale faglege møtestader. Også på dette området er det mogleg å ha meir enn ein tanke og eitt språk i hovudet samstundes.

Det kan vere at dette ikkje er ei sak som høyrer heime i ein lovpropositjon. Vi bed i så fall om at departementet vurderer korleis denne delen av saka om norsk fagspråk kan fremjast for Stortinget.

Høyringsinstans

Nynorsk Forum bed om at vi blir ført opp som høyringsinstans for seinare saker som gjeld språkspørsmål innanfor utdanningssektoren.

Med venleg helsing

Nynorsk Forum

Ottar Grepstad, sekretær
tlf. 70 04 75 75, 906 16 727
ottar.grepstad@aasentunet.no